

DEBATT

DEBATTINLEGG PÅ TRYKK
 ■ Debattnlegg du ønsker på trykk legg du inn på <http://frida.onglo.no>

FULLT NAMN
 ■ Alle innlegg må skrivast under med fullt namn. Skriv også kva stad/kommune du kjen frå, og om du skriv som representant for ein organisasjon.

SKRIV KORT
 ■ Lange innlegg kan bli korta ned. Debattnlegg: maks 3000 teikn inkl. mellomrom. Kronikk: maks 6000 teikn inkl. mellomrom.

Fjernvarmeverk i Førde inga løysing for framtida



LITE FRAMTIDSRETTA? – Eg ser det som lite framtidseretta å byggje opp eit kostnadskrevjande fjernvarmeverk i Førde, som det etter kvart blir mindre og mindre bruk for, skriv Svein Hegggebø i dette innlegget. Selskapet Fjord Miljøenergi i Måløy har fått konsesjon av NVE til eit varmekraftverk som vil produsere varme og elektrisitet basert på fyring med biomasse frå skogbrussektoren. Anlegget er tenkt lokalisert på Øyrane.

Det blir i desse dagar arbeidd med planar om å etablere fjernvarmeverk i Førde og distribuere varme via vassleidningar i grunnen til ulike bygg i byen. Kva behov har så desse byggja?

Av Svein Hegggebø,
Bimcon



KRONIKK

Eksisterande bygg har nok i høve til krava som gjeld, dårleg U-verdi både i golv, vegg og tak, og årtleg energibehov ligg nok ein god del over det nye bygg blir prosjektert for etter nye reglar. Her er det nok eit varmebehov til stades, men alle desse byggja har ikkje vassboren varme i dag!

Nye bygg har i dag eit krav til maksimalt samla energibruk over året. Dette energikravet er nokså redusert i høve til tidlegare, og ut frå meldingar frå komité som arbeider

Kanskje heller skal ein sjå mot Nordfjordeid med Fjordvarme-prosjektet?

med spørsmålet, vil krava bli ytterlegare skjøtpra innan nokså kort tid.

Men kva ligg bak dette kravet til årtleg energibruk? Det ligg eit samla krav til energibruk til lys, teknisk utstyr, ventilasjon, varme og kjøling!

DERSONN VI GAR INN og analyserer eit bygg ut frå dagleg drift, vil vi finne at i kontorbygg og forretningsbygg er behovet for varmetilførsel svært lite dersom ein byggjer for å ha minst mogeleg energitap frå bygget. Teknisk utstyr tilfører stort sett den varmen vi treng for den kalde årstida og i ventilasjonsagregata er gjenvinningsgraden no vorten så god at vi heller ikkje her har særleg behov for varmetilførsel.

Derimot har vi behov for kjøling i sommarhalvåret og i tillegg kjøling av ein del teknisk utstyr over heile året.

Skulebygg har det om lag på same måte som kontorbygg, men i dei bygg der vi har garderober med dusjing, er det eit visst varmebehov. Idrettshallar med lite teknisk utstyr og kanskje slynjebasseng vil ha eit varmebehov.

Nye bustadbygg vil ha eit minimumsbehov for tilførsel av varme, då dagens krav til bygget ivaretek net-

toenergien i bustaden på ein svært bra måte.

SOM VI SER er behovet for netto tilførsel av varme lite foresett god gjenvinning, men det som blir meir behov for, er balansering av energi og individuell styring av inneklima i eit bygg. Nokre stader er det behov for kjøling og andre stader er det behov for varming. Ved å leggje til rette for individuell styring av dette, vil ein kunne nytte svært låg netto energitilførsel og samstundes oppretthalde eit godt lokalt inneklima over heile bygget.

UT FRA DENNE enkle analyse ser eg det som lite framtidseretta å byggje opp eit kostnadskrevjande fjernvarmeverk i Førde, som det etter kvart blir mindre og mindre bruk for. Kanskje heller skal ein sjå mot Nordfjordeid med Fjordvarmeprosjektet, som sirkulerer van der ein kan ta ut varme eller kjøling alt etter behovet?

Dette vil nok få same prislapp, men er meir fleksibelt i forhold til forventta framtidig behov.

Det enklaste kan nok likevel bli lokal styring av energien lokalt i kvart bygg med kjølemaskin/varmepumpe, men ulønnpa er då at ein kan

få mange dingstar ståande på tak på alle bygg i Førde (som det dessverre allereie er ein del av frå før). Kan Førde Kommune gjere noko med dette, eller rettare sagt ynskjer dei å gjere noko?

ALLE KOMMUNAR har i dag pålegg om å utarbeide klimaplan.

Klimaplan saman med evt. Miljøplan kan gje grunnlag for å vedta at alle utedeler for energiotpråk, anten det er fordampar eller kondensator, skal monterast inne i eit lydtempa energikammer i bygningskroppen, med vifter som dreg lufta gjennom energikammeret og der byggherren tek ut det han har behov for av kjøling eller varme.

OM FORFATTAREN

SVEIN HEGGEBØ

■ Kronikkforfattaren har bakgrunn som lærar frå Førde tekniske fagskule, og div sitt eige ws-firma, Bimcon på Sande i Sunnfjord.